



Nyastolfossen, ein av dei mektige fossane i Husedalen. (Alf Adriansen)

GAMMAL FURUSKOG

Hardangervidda har knapt vakrare innfallsport for vandrarar enn HUSEDALEN. Elva, fossane og det storfelte landskapet er velkjent; mindre påakta er den særmerkte og gamle furuskogen i den sørvestvende lia ovanfor kraftverket.

Det er ikkje uvanleg å finna furukraggar som er eldre enn 350 år i denne skogen. I toppen er trekronene flate, eit teikn på at høgdeveksten har stoppa. Både *gaddar*, daude tre som står oppreist, og *læger*; trestammer som ligg på bakken, er sikre alderdomsmerke. Den eldste skogen veks høgt oppe i lia. Det var tungvint å driva ut tømmer i slikt terreng. Det er grunnen til at så mange gamle tre har vorte ståande.

For nokre tiår sidan vart eit felt av furuskogen råka av skogbrann. I brannen måtte gamle

furutre gi tapt. Nokre restar står framleis att som borklause, grå og heilt uttørka stammer. Etter brannen vart det gode vekstvilkår for ny skog. I tillegg til furu har det vakse opp mykje bjørk og osp på brannflata. Ein annan stad i Husedalen veks kjempestore ospetre, som kanskje har spirt etter ein brann, ein gong for svært lenge sidan. Skogbrann kan lett bli utløyst av lynnedslag i denne furuskogen, ettersom sommarklimaet i Husedalen er relativt tørt og varmt.

Somme trekk ved vegetasjonen skil seg frå mykje av furuskogen elles i fylket. I den delen av furuskogen i Husedalen som vender mot sør og vest, er det til dømes mykje lav. Slik lavdominert furuskog er meir typisk på tørr og næringsfattig grunn på Austlandet enn vestpå. Skogbotnen har dessutan få artar, og tilveksten til trea går svært langsamt. Forutan lav er det òg mykje mose. Spesielt kvitkrull, reinlav og heigråmose er med på å gi skogbotnen ein heilt lys farge, som er godt synleg på avstand. Blant mattene med lav og mose veks det nokre nøysame lyngartar, først og fremst røssløyng og blokkebær.

Men lavskogen utgjer berre ein del av furuskogen i Husedalen. På stader med lausmassar og djup jordsmonn er skogen meir frodig. Blant blåbær og tytebær veks fleire artar av vintergrønne planter, mellom anna nikkevintergrøn, klokkevintergrøn, perlevintergrøn og furuvintergrøn. Den siste er austleg og trivst best i indre strøk av fylket, gjerne i same slags skog som orkidéen knerot.

Gammal furuskog i Husedalen.

(Jan Rabben)

Raudstjerten er fåtallig på Vestlandet, men finst i gammal furuskog, ofte inst i dalføra, som i Husedalen.

(Thor Østbye)



LAKSEN I KINSO

Den lakseførande strekninga i KINSO er berre 4,5 kilometer. I 1923 vart det bygd ei laksetrapp, men ho er for lengst vekke. I perioden 1969–1998 vart det i gjennomsnitt fanga 41 sjøaurar og 19 laksar i året, og gjennomsnittsvektene har vore høvesvis 1,3 og 4,9 kilo. Tala er ikkje så store, men i det minste har ikkje oppgangen av fisk svikta i nyare tid. Elva har heller ikkje noko forsuringproblem – pH-verdiane i mars 1999 var tett oppunder 7,0, og vatnet inneheld mykje kalsium. Elva har ein god bestand av døgnfluga *Baëtis rhodani*, som er kjend for å vera sær var for forsuring.

Storleiken på lakseungane i Kinso skulle tilseia at laksen tok til å vandra ut i sjøen som smolt den tredje vøren. I mange elvar skjer dette tidlegare, men i Kinso finst jamvel nokre skikkelege veteranar mellom desse «ungane». Det er faktisk påvist ekstra heimekjære lakseungar, som var opptil 8 år gamal. Kvifor somme fisk først forlèt elva etter så lang tid, er uvisst.

Mesteparten av Kinso sitt 282 km² store nedbørsfelt ligg inne i Hardangervidda nasjonalpark. Heile vassdraget er no varig verna mot vidare kraftutbygging, men Tveitafoss kraftverk (biletet t.v.) har vore i funksjon sidan 1917. Denne kraftreguleringa har ingen innverknad på fisket. I Vivippo, ei sideelv til Kinso, ligg eit uvanleg forseggjort minikraftverk. (Foto: Stein Nord)